

**Luksus-passering gjennom Storsundet**

**16.06.2012**



**Ved 12-tida i dag skjedde ein av relativt få luksus-passeringar gjennom Storsundet denne sommaren. Det var Clipper Odyssey registrert i Bahamas som var på veg innover og som er underveis på ein rundtur i norske fjordar og til skotske øyar.**

**Båten er ikkje stor samanlikna med mange andre cruisefarty, berre 5200 tonn og med plass til 110 pasasjerar, men han er svært eksklusiv.**

Båten er ein av 6 som tilhøyrar selskapet Zegrahm Expeditions, som vart grunnlagt av 6 globetrottarar for 20 år sidan og som også opererer til lands og gjerne oppsøkjar spesielle og uvanlege mål verda over.

Typisk for Zegrahmbåtane er at dei er utstyrt med små og kjappe landgangsbåtar som kan gjera strandhogg nærsagt kvar som helst. der naturen og kuriositetane tilseier det, heiter det i reklamen.

Selskapet har mykje stoff om seg sjølv på nettet, men noko om prisane har vi ikkje funne...

På biletet er båten like utanfor Korsnes.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen